
REGULERINGSFØRESEGNER

FOR

REGULERINGSPLAN NORDBØ

§1

GENERELT

1. Det regulerte området er vist i reguleringsplan datert 01.06.94.- revidert 16.11.94.
2. Arealet som er vist i planen skal disponerast til:
 - Offentlege køyrevegar
 - Offentlege gang- og sykkelvegar
 - Offentlege parkeringsplassar
 - Private vegar og avkøyrslar
 - Byggjeområde for offentlege bygg
 - Byggjeområde for forretning, kontor og service
 - Byggjeområde for Bustader
 - Offentlege friområder/grøntanlegg
 - Kyrkje med tilhøyrande gravplass
 - Fareområde, høgspenningsline

§2

FELLES FØRESEGNER

1. I samband med byggjemelding for nye bygg skal det leggjast ved ein situasjonsplan i målestokk 1:500 (eventuelt 1:1000), som viser plassering av nybygget og korleis den ubebygde del av tomta skal planerast og nyttast. Situasjonsplanen skal og visa planlagt høgd på bygg, eventuelle forstøtningsmurar og garasje.
2. Alle vegar, parkeringsplassar, gang- og sykkelvegar og avkøyrslar skal tilretteleggjast samstundes.

§3

OFFENTLEG TRAFIKKFØREMÅL

1. Det skal etablerast ny avkøyrslar til Nordbø frå fylkesvegen sør for eksisterande avkøyrslar til Bøvågen bustadfeltet. Avkøyrslar frå fylkesvegen til Nordbø (v/Bø barnehage) skal stengjast.
2. Ny stoppestad for buss skal etablerast i samsvar med reguleringsplanen. Parkeringsplassar skal tilretteleggjast slik reguleringsplanen syner.
3. Gang- og sykkelvegar skal opparbeidast i samsvar med reguleringsplanen.

§4

BYGGJEOMRÅDE FOR OFFENTLEGE BYGG

1. I området er det eksisterande offentlege bygg. Bø barnehage, Hordabøheimen med eldrebustader og kyrkje med gravplass. Tomt for barneskule skal utbyggjast etter eigen utbyggjingsplan, som skal handsamast i bygningsrådet. Nye bygg i områda skal harmonera i storleik, høgd, utforming og materialval med eksisterande bygningar. Det gamle kommunehuset v/Bø barnehage skal rivast.

§5

BYGGJEOMRÅDE FOR FORRETNING, KONTOR OG SERVICE

1. I planen er det vist eksisterande bygg (Bøvågen Center), plassering av planlagt bensinpumpeanlegg og areal for framtidig utbygging. Det skal utarbeidast eigen detaljplan som bygningsrådet skal handsama. Planen skal visa plassering av pumper, eventuelle bygg, skilt og terrengutnytting m.m. Eventuelle nye bygg skal harmonera i storleik, høgd, utforming og materialval med eksisterande bygningar.

§6

BYGGJEOMRÅDE FOR BUSTADER

1. Arealet viser eksisterande bustader med tomtegrenser, og eit større bustadareal der nye bustader og tomtegrenser ikkje er vist i detalj. Det skal utarbeidast eigen utbyggjingsplan for dette området, som skal handsamast i bygningsrådet.

§7

OFFENTLEGE FRIOMRÅDER/GRØNTANLEGG

1. Områdene skal benyttast til parkar og friområde. Eksisterande hytte mellom Bøvågen Center og Hordabø Kyrkje skal rivast.

§8

PRIVATE VEGAR OG AVKØYRSLER

1. Private vegar og avkøyrslar skal etablerast i samsvar med reguleringsplanen.

§9

KYRKJE OG GRAVPLASS

1. Planen viser Hordabø kyrkje med eksisterande gravplass, og areal for utviding av gravplass. Det skal utarbeidast eigen utbyggjingsplan for ny gravplass i samråd med kyrkjevevje.